

Frå: Ole Martin Bolset
Send: onsdag 1. februar 2023 10:07
Til: Trond Tystad
Kopi: Egil Sagstad
Emne: Angående innsendt planmateriale 28.01.2023 og ønskje om drøftingsmøte

Hei!

Takk for oversending.

For at de skal få best mogleg nytte av eit undervegs møte/drøftingsmøte, må eg kunne sette meg inn i planen, og dei vurderingane som er gjort.

Eg har sett litt på dokumenta, og det er ikkje so alt for mykje materiale å basere eit undervegs møte på. Vi har eit kart, illustrasjonar og nokon vegteikningar.

Ved eit undervegs møte/drøftingsmøte er det best for begge partar at vi har nok materiale. Eit ønska utfall frå eit undervegs møte vil vere å kunne komme med nok tilbakemeldingar på planmaterialet slik at det forhåpentligvis ikkje er naudsynt med justeringar (eventuelt kun mindre justeringar) etter innlevering til 1. gongs handsaming.

For at eg skal kunne gje dykk best mogleg hjelp for den vidare prosessen, må eg kunne sette meg inn i planen. Dette vil planomtalen bidra med.

Vidare må eg sjå om det er ein samanheng mellom plankart, planomtale og føresegner. Og vidare om føresegnene følgjer opp overordna plan.

Mi anbefaling er difor å utsette drøftingsmøte/undervegs møte til ein har nok materiell til å kunne ha eit møte som vil gje eit ønska resultat.

Fint om de kan gje meg ei tilbakemelding på kva de tenker om dette.

Ole Martin Bolset | Rådgjevar planforvaltning

Telefon: 453 77 397

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE